



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Møtedato:	17.09.2024
Møtetid:	10:00 - -16:00
Møtestad:	Heradshuset, Kommunestyret

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Trond Olav Magnussen	medlem	H	
Hege Eide Vik	ordførar	SP	
Kjartan Haugsnes	nestleiar	SV	
Amalie Johnsen Lunde	medlem	H	
Trygve Jakobsen	medlem	FRP	
Boris Lasse Groth	medlem	FRP	
Britt Brudvik	medlem	AP	
Tor-Arne Helle	medlem	INP	
Ole-Anders Brekkhus	medlem	AP	
Morten Farestveit	medlem	INP	
Lisa Natalie Johnsen Lunde	medlem	AP	
Leif Inge Eide	medlem	R	
Lars Bjarte Nesheim	medlem	KRF	
Inger-Helene Nummedal	medlem	SP	
Ivar Rødland Bergo	medlem	SP	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Thor Andersen	MEDL	AP
Erlend Hesjedal Johannessen	MEDL	H
Trine Helle Simmenes	MEDL	SP
Line Kydland	MEDL	SV
Evy Beathe Kvamme	MEDL	SV
Arve Martin Rødland	MEDL	INP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Maren Amanda		AP	
Hesjedal Thorkildsen			
Thomas Brevik Hop		H	
Evelyn Boge		SV	
Mona Grenasberg		SV	
Dan Berge		INP	
Arnstein Langhelle		SP	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Atle Fasteland	Kommunedirektør
Truls Morten Kaland	Økonomisjef
Åse Elin Myking	Kommunalsjef DIS

Møteprotokoll er publisert på kommunens nettside og vert godkjent i neste møte.

Rikke Haagensen

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 65/24	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 66/24	Godkjenning av møteprotokoll	
PS 67/24	Referatsaker	
RS 18/24	Årsmelding Mobbeombodet 2022-2023	
RS 19/24	Årsmelding Syns- og audiopedagogisk teneste (SAPT) 2023	
RS 20/24	BIR-Utvidet tenestetilbod	
PS 68/24	Endring av reguleringsplan for E16 og Vossebanen, Arna – Stanghelle, delområde Langhelleneset, Gamle Fossen / Fossmark, m.fl., PlanID 4628_2023001 til 2. gongs handsaming	
PS 69/24	Fråsegn til konsesjonssøknad om ny Krossdalen transformatorstasjon, med tilhøyrande tiltak og anlegg	
PS 70/24	Val av medlem og varamedlem til representantskapet for Syns- og audiopedagogisk tjeneste Vestland 2024 - 2027	
PS 71/24	Tilstandsrapport Sørfjorden barnevernsteneste 2023	
PS 72/24	Framlegg til endring av vedtektene for Vaksdal kommunale næringsfond	
PS 73/24	Val av medlemmer, varamedlemmer og møtefullmektige til forliksrådet for perioden 2025-2028. 2.gangs handsaming	
PS 74/24	Søknad om fritak frå politisk verv	
PS 75/24	Val av nytt medlem i kontrollutvalet etter søknad om fritak frå folkevald	
PS 76/24	Interpellasjon-Søknad ENØK-midlar – endring av krav til dokumentasjon	
PS 77/24	Interpellasjon- Tannhelsehjelp	

PS 78/24

BRØYTING TOSKEDALSVEGEN

PS 65/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Kommunestyret - 17.09.2024:

Amalie Johnsen Lunde (H) har permisjon fram til kl 12.45. Britt Brudvik (AP) har permisjon frå kl 15.40.

Ordførar endrar på sakslista slik at sak 70 kjem etter sak 72, og sak 78 kjem før sak 76. Dette for at interpellasjonane står sist og alle valsakane er samla. Kommunestyret har ikke innvendingar mot dette.

Avstemming:

Innstilling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og saksliste er godkjent.

For forslaget stemte 20: Britt Brudvik (AP), Lisa Natalie Johnsen Lunde (AP), Maren Amanda Hesjedal Thorkildsen (AP), Ole-Anders Brekkhus (AP), Boris Groth (Frp), Trygve Jakobsen (Frp), Thomas Breivik Hop (H), Trond Olav Magnussen (H), Dan Berge (INP), Morten Farestveit (INP), Tor- Arne Helle (INP), Lars Bjarte Nesheim (KrF), Leif Inge Eide (R), Arnstein Langhelle (Sp), Hege Eide Vik (Sp), Inger-Helene Nummedal (Sp), Ivar Rødland Bergo (Sp), Evelyn Boge (SV), Kjartan Haugsnes (SV), Mona Grenasberg (SV)
Dermed er innstillinga vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 17.09.2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og saksliste er godkjent.

PS 66/24 Godkjenning av møteprotokoll

Handsaming i Kommunestyret - 17.09.2024:

Avstemming:

Innstilling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen er godkjent.

For forslaget stemte 20: Britt Brudvik (AP), Lisa Natalie Johnsen Lunde (AP), Maren Amanda Hesjedal Thorkildsen (AP), Ole-Anders Brekkhus (AP), Boris Groth (Frp), Trygve Jakobsen (Frp), Thomas Breivik Hop (H), Trond Olav Magnussen (H), Dan Berge (INP), Morten Farestveit (INP), Tor- Arne Helle (INP), Lars Bjarte Nesheim (KrF), Leif Inge Eide (R), Arnstein Langhelle (Sp), Hege Eide Vik (Sp), Inger-Helene Nummedal (Sp), Ivar Rødland Bergo (Sp), Evelyn Boge (SV), Kjartan Haugsnes (SV), Mona Grenasberg (SV)

Dermed er innstillinga vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 17.09.2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen er godkjent.

PS 67/24 Referatsaker

Handsaming i Kommunestyret - 17.09.2024:

Avstemming:

Innstilling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Referatsakene verte tekne til orientering.

For forslaget stemte 21: Britt Brudvik (AP), Lisa Natalie Johnsen Lunde (AP), Maren Amanda Hesjedal Thorkildsen (AP), Ole-Anders Brekkhus (AP), Boris Groth (Frp), Trygve Jakobsen (Frp), Amalie Johnsen Lunde (H), Thomas Breivik Hop (H), Trond Olav Magnussen (H), Dan Berge (INP), Morten Farestveit (INP), Tor- Arne Helle (INP), Lars Bjarte Nesheim (KrF), Leif Inge Eide (R), Arnstein Langhelle (Sp), Hege Eide Vik (Sp), Inger-Helene Nummedal (Sp), Ivar Rødland Bergo (Sp), Evelyn Boge (SV), Kjartan Haugsnes (SV), Mona Grenasberg (SV)
Dermed er innstillinga vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 17.09.2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Referatsakene verte tekne til orientering.

RS 18/24 Årsmelding Mobbeombudet 2022-2023

Handsaming i Kommunestyret - 17.09.2024:

Avstemming:

Lisa Natalie Johnsen Lunde (Arbeiderpartiet) Forslag:

Forslag til vedtak fra AP, SP og SV.

Kommunestyret ber om at mobbeombudet vært gjort kjent for alle føresette i skule og barnehage i Vaksdal Kommune.

For forslaget stemte 21: Britt Brudvik (AP), Lisa Natalie Johnsen Lunde (AP), Maren Amanda Hesjedal Thorkildsen (AP), Ole-Anders Brekkhus (AP), Boris Groth (Frp), Trygve Jakobsen (Frp), Amalie Johnsen Lunde (H), Thomas Breivik Hop (H), Trond Olav Magnussen (H), Dan Berge (INP), Morten Farestveit (INP), Tor- Arne Helle (INP), Lars Bjarte Nesheim (KrF), Leif Inge Eide (R), Arnstein Langhelle (Sp), Hege Eide Vik (Sp), Inger-Helene Nummedal (Sp), Ivar Rødland Bergo (Sp), Evelyn Boge (SV), Kjartan Haugsnes (SV), Mona Grenasberg (SV)
Dermed er forslaget vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 17.09.2024:

Forslag til vedtak fra AP, SP og SV.

Kommunestyret ber om at mobbeombudet vært gjort kjent for alle føresette i skule og barnehage i Vaksdal Kommune.

RS 19/24 Årsmelding Syns- og audiopedagogisk teneste (SAPT) 2023

RS 20/24 BIR-Utvidet tenestetilbod

PS 68/24 Endring av reguleringsplan for E16 og Vossebanen, Arna – Stanghelle, delområde Langhelleneset, Gamle Fossen / Fossmark, m.fl., PlanID 4628_2023001 til 2. gongs handsaming

Handsaming i Kommunestyret - 17.09.2024:

Kommunedirektøren og kommunalsjef Åse Elin Myking svarte på spørsmål i saka.

Avstemming:

Innstilling:

Formannskapet 03.09.2024

Kommunestyret vedtar detaljreguleringsplan for Endring av reguleringsplan for E16 og Vossebanen, Arna – Stanghelle, delområde Langhelleneset, Gamle Fossen / Fossmark, m.fl., PlanID 4628_2023001, etter Plan- og bygningslova §12-12, med plandokument:

·Føresegn datert 16.04.2024

·Plankart datert 16.04.2024

·Planomtale datert 23.05.2024

For forslaget stemte 21: Britt Brudvik (AP), Lisa Natalie Johnsen Lunde (AP), Maren Amanda Hesjedal Thorkildsen (AP), Ole-Anders Brekkhus (AP), Boris Groth (Frp), Trygve Jakobsen (Frp), Amalie Johnsen Lunde (H), Thomas Breivik Hop (H), Trond Olav Magnussen (H), Dan Berge (INP), Morten Farestveit (INP), Tor- Arne Helle (INP), Lars Bjarte Nesheim (KrF), Leif Inge Eide (R), Arnstein Langhelle (Sp), Hege Eide Vik (Sp), Inger-Helene Nummedal (Sp), Ivar Rødland Bergo (Sp), Evelyn Boge (SV), Kjartan Haugsnes (SV), Mona Grenasberg (SV)
Dermed er innstillinga vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 17.09.2024:

Formannskapet 03.09.2024

Kommunestyret vedtar detaljreguleringsplan for Endring av reguleringsplan for E16 og Vossebanen, Arna – Stanghelle, delområde Langhelleneset, Gamle Fossen / Fossmark, m.fl., PlanID 4628_2023001, etter Plan- og bygningslova §12-12, med plandokument:

·Føresegn datert 16.04.2024

·Plankart datert 16.04.2024

·Planomtale datert 23.05.2024

PS 69/24 Fråsegn til konsesjonssøknad om ny Krossdalen transformatorstasjon, med tilhøyrande tiltak og anlegg

Handsaming i Kommunestyret - 17.09.2024:

Ordførar Hege Eide Vik (SP) ba om at hennar habilitet vert vurdert då hennar foreldre er grunneigarar på Eidslandet.

Kommunedirektøren tilrår at ordførar Hege Eide Vik (SP) vert funnet inhabil i medhald av fv.l § 6b- nær relasjonar til part.

Kommunestyret vedtek samrøystes at Hege Eide Vik (SP) er inhabil i saka og ho trer derfor ut av behandling av saka.

Leif Inge Eide (R) påpeik feil i saka vedrørende antall kubikkmeter og fleire stedsnamn som er feil. Dette må endrast før utsending av høyring.

Avstemming:

Innstilling:

Formannskapet 03.09.2024

Vaksdal kommune viser til oversendte høyringsdokument om Statnett og Eviny sine konsesjonssøknadar for å byggje ny Krossdalen transformatorstasjon, med tilhøyrande anlegg og tiltak.

Høyringa er handsama av kommunestyret og formannskapet.

Fråsegna vår går fram av det følgjande, med hovudvekt på Statnett sin konsesjonssøknad, inkludert hjelpeanlegg. Uttalen konsentrerer seg om planlagde tiltak i Vaksdal kommune.

Søknaden om å byggje ny transformatorstasjon med tilhøyrande kraftliner og anlegg, er fremja etter energilova § 3-1. Dette tydar at planane, i alle hovudsak, er unnateke handsaming etter plan- og bygningslova, uavhengig av planstatus i kommuneplanen sin arealdel, sjølv om tiltaka evt. er i strid med avsette arealføremål, jf. pbl. § 1-3 andre ledd. Vi går difor ikkje nærare inn på plan- og bygningslova eller kommunale planar i fråsegna. Det vert likevel lagt til grunn at Statnett er ansvarleg for å hente inn eventuelle, naudsynte løyve frå anna lov- og føreskriftsverk.

Vaksdal kommune ser samfunnsnyttan av å fornye og oppgraderte dagens anlegg for hovudstraumforsyning ved etablering av ny Krossdalen transformatorstasjon. Samstundes vil det vere viktig å ta tilstrekkeleg omsyn til natur- og kulturmiljøet, samt å oppnå ei best mogleg tilpassing til lokale forhold og interesser.

Konsesjonssøknaden frå Statnett gjev ei gode skildring av planlagde gjeremål, der ein gjennom konsekvensvurdering og prioritering av avbøtande tiltak, tek omsyn til omgjevnadane, for å redusere negative konsekvensane av utbygginga.

Kommunen meiner likevel det kunne vore ei nærare omtale av moglege verknadar for - og omsynet til - villaksen i Ekso (raudlista art), samt naturmiljøet langs Eidslandsvegen og naturverdiane i sjøen ved Eidslandet, der nytt kaihakk skal etablerast i omsynssone for bevaring av naturmiljø (nasjonal laksefjord). Dette for at planlagd utbygging skal vurderast ut frå best mogleg kunnskapsgrunnlag, jf. naturmangfaldlova § 8, med naudsynte omsyn til naturmiljøet.

Kommunen ser positivt på planlagd utbetring av Eidslandsvegen, for å sikre tilstrekkeleg vegstandard ved transport av ny transformator til Krossdalen transformatorstasjon. Dette vil kome lokalsamfunn og næringsliv til gode. Men sjølv om anleggsarbeidet, i følgje konsesjonssøknaden, skal gjennomførast på ein måte som gjev små verknadar for omgjevnadane, ønskjer vi å presisere at mogleg avrenning av partiklar og næringsstoff til Ekso, må reduserast til eit minimum, gjennom gode oppsamlingssystem, med kontroll- og målemetodar. På generelt grunnlag, ut frå samla omsyn til naturmiljøet, reknar vi elles med at aktuelle, avbøtande tiltak vert tekne inn som vilkår for konsesjonen, med krav om utarbeiding av aktuelle detaljplanar, som plan for natur og miljø med fleire.

Ein annan faktor i samband med vegutbetringa, er å ha kontroll på overflatevatn gjennom grøfte- og dreneringssystem. Dersom slikt vatn vert ført inn i eksisterande system, nedanfor tiltaksområdet, er det viktig å sikre tilstrekkeleg dimensjonering, slik at vatnet ikkje flaumar over og medfører erosjon. Aktuelle grunneigarar bør eventuelt varslast om slik forhold.

Eidslandsvegen er ein gamal veg, med kulturhistorisk verdi, der årstalet 1888 er meisla inn i fjellet på grensa mellom Bråtet og Kvernhusbekken. Dette som minnesmerke om når vegen vart bygd. I dette høvet ser kommunen det som viktig å ikkje øydeleggje/ sprengje vekk dette merket ved planlagd utbetring, men å velje ei løysing som tek vare på årstalet.

Ved Barlingebotn går det ei lita elv med utlaup i Skålevika i vatnet på Eikefet. Her vandra det tidlegare opp sjøaure, i følgje grunneigar. Situasjonen i dag er ukjent, men ein bør likevel unngå avrenning av massar til elva, om det vert gjennomført utbetring langs fylkesvegen i

dette området. Elles vil det på stader der eventuelle vandringsveggar for fisk kryssar veg, vere viktig å sikre at plassering av kulvertar/røyr ikkje stengjer for vandring (generell kommentar).

Ved kaien på Eidslandet, der det skal etablerast nytt kaihakk og mellombels anleggsområdet, ligg det kommunale VA-leidningar i grunnen/i sjøen. Etter dialog med Vaksdal kommune, vart plasseringa av kaihakk i konsesjonssøknaden endra, slik at installasjonen ikkje kjem i konflikt med desse leidningane (meir enn 4 meter avstand i høve til VA-norma). Planlagt plassering vert i dette høvet rekna som greitt, men dersom det vert endringar - eller at utbyggjar er usikker - må det takast ny kontakt med kommunen før iverksetting.

I tillegg til kommunale leidningar, kan det vere private VA-anlegg i området. Desse er ikkje kartlagde, og utbyggjar må sjølv ta kontakt med grunneigarar for eventuell lokalisering av moglege leidningar. I dette høvet må det søkjast om nytt utsleppsløyve, om endring av private VA-anlegg vert aktuelt.

Kaihakk på Eidslandet vil bli liggjande nær den kommunale kaien, og mykje av kaiområdet vil bli nytta som anleggsområdet under utbygginga (mellom anna på kommunal grunn). Det står ikkje noko i søknadane om type bruk eller kor lenge bruken skal vare. Dette vil vere viktig å avklare, for best mogleg tilpassing til dagens bruk og tilkomst, eksempelvis knytt til kommunekaien. Her må det sikrast framkomst for lastebil, ved eventuell sandfrakt til kaien. Elles vert området ved kaien nytta ved ferdsle til og frå sjøsida, i samband med bruk av fritidsbåtar og annan, mogleg aktivitet, som snuplass for buss og parkering for privatbilar. *I dette høvet bør det gjerast avtale mellom Statnett og kommunen, samt evt. andre grunneigarar, om bruken av kaiområdet og plassering av kaihakk, for best mogleg tilpassing til lokale forhold.*

I samband med planlagt lagring av kring 2000 m³ med skotmassar i grupe/sandtak på Myster, viser vi til statleg krav om lagring av «reine massar», med dokumentasjon og handtering etter Miljødirektoratet sin rettleiar M-1243. Masselagringa bør også byggje på privatrettsleg avtale med grunneigar. Vidare må deponeringa vurderast opp mot samfunnsnyttan av tiltaket. Her kan det vere naturleg å etablere dyrka jord i grupa, ved såing av graseng, for framtidig bruk som jordbruksareal. Tiltaket må i dette høvet sjåast opp mot trongen for dyrka mark og lokal interesse/nytte, samstundes som søknadsplikt etter dyrkingsforskrifta i jordlova vert vurdert

For forslaget stemte 20: Britt Brudvik (AP), Lisa Natalie Johnsen Lunde (AP), Maren Amanda Hesjedal Thorkildsen (AP), Ole-Anders Brekkhus (AP), Boris Groth (Frp), Trygve Jakobsen (Frp), Amalie Johnsen Lunde (H), Thomas Breivik Hop (H), Trond Olav Magnussen (H), Dan Berge (INP), Morten Farestveit (INP), Tor- Arne Helle (INP), Lars Bjarthe Nesheim (KrF), Leif

Inge Eide (R), Arnstein Langhelle (Sp), Inger-Helene Nummedal (Sp), Ivar Rødland Bergo (Sp), Evelyn Boge (SV), Kjartan Haugsnes (SV), Mona Grenasberg (SV)
Dermed er innstillinga vedteke.

Avstemming:

Ivar Rødland Bergo (Senterpartiet) Forslag:

Vaksdal kommunestyre deler Modalen kommune si bekymring rundt manglande utveksling med lokalt distribusjonsnett mot det omsøkte tiltaket.

For forslaget stemte 20: Britt Brudvik (AP), Lisa Natalie Johnsen Lunde (AP), Maren Amanda Hesjedal Thorkildsen (AP), Ole-Anders Brekkhus (AP), Boris Groth (Frp), Trygve Jakobsen (Frp), Amalie Johnsen Lunde (H), Thomas Breivik Hop (H), Trond Olav Magnussen (H), Dan Berge (INP), Morten Farestveit (INP), Tor- Arne Helle (INP), Lars Bjarte Nesheim (KrF), Leif Inge Eide (R), Arnstein Langhelle (Sp), Inger-Helene Nummedal (Sp), Ivar Rødland Bergo (Sp), Evelyn Boge (SV), Kjartan Haugsnes (SV), Mona Grenasberg (SV)
Dermed er forslaget vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 17.09.2024:

Formannskapet 03.09.2024

Vaksdal kommune viser til oversendte høyringsdokument om Statnett og Eviny sine konsesjonssøknadar for å byggje ny Krossdalen transformatorstasjon, med tilhøyrande anlegg og tiltak.

Høyringa er handsama av kommunestyret og formannskapet.

Fråsegna vår går fram av det følgjande, med hovudvekt på Statnett sin konsesjonssøknad, inkludert hjelpeanlegg. Uttalen konsentrerer seg om planlagde tiltak i Vaksdal kommune.

Søknaden om å byggje ny transformatorstasjon med tilhøyrande kraftliner og anlegg, er fremja etter energilova § 3-1. Dette tydar at planane, i alle hovudsak, er unnateke

handsaming etter plan- og bygningslova, uavhengig av planstatus i kommuneplanen sin arealdel, sjølv om tiltaka evt. er i strid med avsette arealføremål, jf. pbl. § 1-3 andre ledd. Vi går difor ikkje nærare inn på plan- og bygningslova eller kommunale planar i fråsegna. Det vert likevel lagt til grunn at Statnett er ansvarleg for å hente inn eventuelle, naudsynte løyve frå anna lov- og føreskriftsverk.

Vaksdal kommune ser samfunnsnyttan av å fornye og oppgraderte dagens anlegg for hovudstraumforsyning ved etablering av ny Krossdalen transformatorstasjon. Samstundes vil det vere viktig å ta tilstrekkeleg omsyn til natur- og kulturmiljøet, samt å oppnå ei best mogleg tilpassing til lokale forhold og interesser.

Konsesjonssøknaden frå Statnett gjev ei gode skildring av planlagde gjeremål, der ein gjennom konsekvensvurdering og prioritering av avbøtande tiltak, tek omsyn til omgjevnadane, for å redusere negative konsekvensane av utbygginga.

Kommunen meiner likevel det kunne vore ei nærare omtale av moglege verknadar for - og omsynet til - villaksen i Ekso (raudlista art), samt naturmiljøet langs Eidslandsvegen og naturverdiane i sjøen ved Eidslandet, der nytt kaihakk skal etablerast i omsynssone for bevaring av naturmiljø (nasjonal laksefjord). Dette for at planlagd utbygging skal vurderast ut frå best mogleg kunnskapsgrunnlag, jf. naturmangfaldlova § 8, med naudsynte omsyn til naturmiljøet.

Kommunen ser positivt på planlagd utbetring av Eidslandsvegen, for å sikre tilstrekkeleg vegstandard ved transport av ny transformator til Krossdalen transformatorstasjon. Dette vil kome lokalsamfunn og næringsliv til gode. Men sjølv om anleggsarbeidet, i følgje konsesjonssøknaden, skal gjennomførast på ein måte som gjev små verknadar for omgjevnadane, ønskjer vi å presisere at mogleg avrenning av partiklar og næringsstoff til Ekso, må reduserast til eit minimum, gjennom gode oppsamlingssystem, med kontroll- og målemetodar. På generelt grunnlag, ut frå samla omsyn til naturmiljøet, reknar vi elles med at aktuelle, avbøtande tiltak vert tekne inn som vilkår for konsesjonen, med krav om utarbeiding av aktuelle detaljplanar, som plan for natur og miljø med fleire.

Ein annan faktor i samband med vegutbetringa, er å ha kontroll på overflatevatn gjennom grøfte- og dreneringssystem. Dersom slikt vatn vert ført inn i eksisterande system, nedanfor tiltaksområdet, er det viktig å sikre tilstrekkeleg dimensjonering, slik at vatnet ikkje flaumar over og medfører erosjon. Aktuelle grunneigarar bør eventuelt varslast om slik forhold.

Eidslandsvegen er ein gamal veg, med kulturhistorisk verdi, der årstalet 1888 er meisla inn i fjellet på grensa mellom Bråtet og Kvernhusbekken. Dette som minnesmerke om når vegen

vart bygd. I dette høvet ser kommunen det som viktig å ikkje øydeleggje/ sprengje vekk dette merket ved planlagd utbetring, men å velje ei løysing som tek vare på årstalet.

Ved Barlingebotn går det ei lita elv med utlaup i Skålevika i vatnet på Eikefet. Her vandra det tidlegare opp sjøaure, i følgje grunneigar. Situasjonen i dag er ukjent, men ein bør likevel unngå avrenning av massar til elva, om det vert gjennomført utbetring langs fylkesvegen i dette området. Elles vil det på stader der eventuelle vandringsvegar for fisk kryssar veg, vere viktig å sikre at plassering av kulvertar/røyr ikkje stengjer for vandring (generell kommentar).

Ved kaien på Eidslandet, der det skal etablerast nytt kaihakk og mellombels anleggsområdet, ligg det kommunale VA-leidningar i grunnen/i sjøen. Etter dialog med Vaksdal kommune, vart plasseringa av kaihakk i konsesjonssøknaden endra, slik at installasjonen ikkje kjem i konflikt med desse leidningane (meir enn 4 meter avstand i høve til VA-norma). Planlagt plassering vert i dette høvet rekna som greitt, men dersom det vert endringar - eller at utbyggjar er usikker - må det takast ny kontakt med kommunen før iverksetting.

I tillegg til kommunale leidningar, kan det vere private VA-anlegg i området. Desse er ikkje kartlagde, og utbyggjar må sjølv ta kontakt med grunneigarar for eventuell lokalisering av moglege leidningar. I dette høvet må det søkjast om nytt utsleppsløyve, om endring av private VA-anlegg vert aktuelt.

Kaihakk på Eidslandet vil bli liggjande nær den kommunale kaien, og mykje av kaiområdet vil bli nytta som anleggsområdet under utbygginga (mellom anna på kommunal grunn). Det står ikkje noko i søknadane om type bruk eller kor lenge bruken skal vare. Dette vil vere viktig å avklare, for best mogleg tilpassing til dagens bruk og tilkomst, eksempelvis knytt til kommunekaien. Her må det sikrast framkomst for lastebil, ved eventuell sandfrakt til kaien. Elles vert området ved kaien nytta ved ferdsle til og frå sjøsida, i samband med bruk av fritidsbåtar og annan, mogleg aktivitet, som snuplass for buss og parkering for privatbilar. *I dette høvet bør det gjerast avtale mellom Statnett og kommunen, samt evt. andre grunneigarar, om bruken av kaiområdet og plassering av kaihakk, for best mogleg tilpassing til lokale forhold.*

I samband med planlagd lagring av kring 2000 m³ med skotmassar i grupe/sandtak på Myster, viser vi til statleg krav om lagring av «reine massar», med dokumentasjon og handtering etter Miljødirektoratet sin rettleiar M-1243. Masselagringa bør også byggje på privatrettsleg avtale med grunneigar. Vidare må deponeringa vurderast opp mot samfunnsnyttan av tiltaket. Her kan det vere naturleg å etablere dyrka jord i grupa, ved såing av graseng, for framtidig bruk som jordbruksareal. Tiltaket må i dette høvet sjåast opp

mot trongen for dyrka mark og lokal interesse/nytte, samstundes som søknadsplikt etter dyrkingsforskrifta i jordlova vert vurdert

Vaksdal kommunestyre deler Modalen kommune si bekymring rundt manglande utveksling med lokalt distribusjonsnett mot det omsøkte tiltaket.

PS 70/24 Val av medlem og varamedlem til representantskapet for Syns- og audiopedagogisk tjeneste Vestland 2024 - 2027

Handsaming i Kommunestyret - 17.09.2024:

Avstemming:

Innstilling:

Valutvalet:

Følgjande medlem og varamedlem vert valt til representant for Syns- og audiopedagogisk tjeneste Vestland i perioden 2024 – 2027:

Ordførar er medlem og varaordførar er varamedlem.

For forslaget stemte 21: Britt Brudvik (AP), Lisa Natalie Johnsen Lunde (AP), Maren Amanda Hesjedal Thorkildsen (AP), Ole-Anders Brekkhus (AP), Boris Groth (Frp), Trygve Jakobsen (Frp), Amalie Johnsen Lunde (H), Thomas Breivik Hop (H), Trond Olav Magnussen (H), Dan Berge (INP), Morten Farestveit (INP), Tor- Arne Helle (INP), Lars Bjarte Nesheim (KrF), Leif Inge Eide (R), Arnstein Langhelle (Sp), Hege Eide Vik (Sp), Inger-Helene Nummedal (Sp), Ivar Rødland Bergo (Sp), Evelyn Boge (SV), Kjartan Haugsnes (SV), Mona Grenasberg (SV)
Dermed er innstillinga vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 17.09.2024:

Valutvalet:

Følgjande medlem og varamedlem vert valt til representant for Syns- og audiopedagogisk tjeneste Vestland i perioden 2024 – 2027:

Ordførar er medlem og varaordførar er varamedlem.

PS 71/24 Tilstandsrapport Sørfjorden barnevernsteneste 2023

Handsaming i Kommunestyret - 17.09.2024:

Kommunedirektøren svarte på spørsmål i saka.

Avstemming:

Innstilling:

Formannskapet 03.09.2024

Kommunestyret tek tilstandsrapport for Sørfjorden barnevernsteneste 2023 til orientering.

For forslaget stemte 21: Britt Brudvik (AP), Lisa Natalie Johnsen Lunde (AP), Maren Amanda Hesjedal Thorkildsen (AP), Ole-Anders Brekkhus (AP), Boris Groth (Frp), Trygve Jakobsen (Frp), Amalie Johnsen Lunde (H), Thomas Breivik Hop (H), Trond Olav Magnussen (H), Dan Berge (INP), Morten Farestveit (INP), Tor- Arne Helle (INP), Lars Bjarte Nesheim (KrF), Leif Inge Eide (R), Arnstein Langhelle (Sp), Hege Eide Vik (Sp), Inger-Helene Nummedal (Sp), Ivar Rødland Bergo (Sp), Evelyn Boge (SV), Kjartan Haugsnes (SV), Mona Grenasberg (SV)
Dermed er innstillinga vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 17.09.2024:

Formannskapet 03.09.2024

Kommunestyret tek tilstandsrapport for Sørfjorden barnevernsteneste 2023 til orientering.

PS 72/24 Framlegg til endring av vedtektene for Vaksdal kommunale næringsfond

Handsaming i Kommunestyret - 17.09.2024:

Avstemming:

Innstilling:

Formannskapet 03.09.2024

1. Vedtektene:

§ 4 Stønadsvilkår

Ny setning i første avsnitt. (etter prosjekt.)

For nye næringsbygg eller ombygging/påbygg av eksisteranda næringsbygg som fremjar ny produksjon eller nye produksjonsmåtar kan det gjevast stønad på inntil 30 % eller opp til kr. 600 000,-

2. Retningsliner:

Med heimel i Vaksdal kommunale næringsfond sine vedtekter § 5 (forvaltning), vert følgjande framlegg til endringar teke inn i eigne retningsliner for fondet.

«Det kan gjevast tilskot til drifts-/produksjonsbygningar i landbruket og andre næringar som har direkte produksjonsretta funksjon og effekt (føreset aktiv drift). Som driftsbygning i landbruket reknar ein husdyrrom, mjølkerom, fôrrom/fôrlager og gjødsellager, ikkje reiskapshus, dersom det ikkje vert bygd i kombinasjon med husdyrrom og andre produksjonslokale. Her kan berre kostnadar med produksjonslokalet, ikkje reiskapshuset, godkjennast i tilskotssamanheng. Garasjar, naust, lagerbygningar, med unnatak for maskinringar, kan ikkje få tilskot.»

«Tilskot frå næringsfondet kan berre gjevast til føretak/bedrifter med forretningsadresse og aktiv drift i Vaksdal kommune. Det er ikkje eit vilkår at eigar/innehavar/drivar er folkeregistrert/buset i kommunen»

Når framlegg til retningsliner ligg føre, skal desse leggjast fram for formannskapet og kommunestyret til handsaming og vedtak.

For forslaget stemte 21: Britt Brudvik (AP), Lisa Natalie Johnsen Lunde (AP), Maren Amanda Hesjedal Thorkildsen (AP), Ole-Anders Brekkhus (AP), Boris Groth (Frp), Trygve Jakobsen (Frp), Amalie Johnsen Lunde (H), Thomas Breivik Hop (H), Trond Olav Magnussen (H), Dan Berge (INP), Morten Farestveit (INP), Tor- Arne Helle (INP), Lars Bjarte Nesheim (KrF), Leif

Inge Eide (R), Arnstein Langhelle (Sp), Hege Eide Vik (Sp), Inger-Helene Nummedal (Sp), Ivar Rødland Bergo (Sp), Evelyn Boge (SV), Kjartan Haugsnes (SV), Mona Grenasberg (SV)
Dermed er innstillinga vedteke.

Avstemming:

Lars Bjarte Nesheim (Kristelig Folkeparti) Tilleggsforslag:

Kommunestyret ber om at det vert utført eiga revidering av vedtekter for Vaksdal kommunale næringsfond med tanke på driftsbygginger i landbruket, som må byggast på grunn av lausdriftskravet i 2034.

For forslaget stemte 1: Lars Bjarte Nesheim (KrF)

Imot forslaget stemte 20: Britt Brudvik (AP), Lisa Natalie Johnsen Lunde (AP), Maren Amanda Hesjedal Thorkildsen (AP), Ole-Anders Brekklus (AP), Boris Groth (Frp), Trygve Jakobsen (Frp), Amalie Johnsen Lunde (H), Thomas Breivik Hop (H), Trond Olav Magnussen (H), Dan Berge (INP), Morten Farestveit (INP), Tor- Arne Helle (INP), Leif Inge Eide (R), Arnstein Langhelle (Sp), Hege Eide Vik (Sp), Inger-Helene Nummedal (Sp), Ivar Rødland Bergo (Sp), Evelyn Boge (SV), Kjartan Haugsnes (SV), Mona Grenasberg (SV)
Dermed er tilleggsforslag ikkje vedtatt.

Vedtak i Kommunestyret - 17.09.2024:

Formannskapet 03.09.2024

1. Vedtektene:

§ 4 Stønadsvilkår

Ny setning i første avsnitt. (etter prosjekt.)

For nye næringsbygg eller ombygging/påbygg av eksisteranda næringsbygg som fremjar ny produksjon eller nye produksjonsmåtar kan det gjevast stønad på inntil 30 % eller opp til kr. 600 000,-

2. Retningslinjer:

Med heimel i Vaksdal kommunale næringsfond sine vedtekter § 5 (forvaltning), vert følgjande framlegg til endringar teke inn i eigne retningslinjer for fondet.

«Det kan gjevast tilskot til drifts-/produksjonsbygningar i landbruket og andre næringar som har direkte produksjonsretta funksjon og effekt (føreset aktiv drift). Som driftsbygning i landbruket reknar ein husdyrrom, mjølkerom, fôrrom/fôrlager og gjødsellager, ikkje reiskapshus, dersom det ikkje vert bygd i kombinasjon med husdyrrom og andre produksjonslokale. Her kan berre kostnadar med produksjonslokalet, ikkje reiskapshuset, godkjennast i tilskotssamanheng. Garasjar, naust, lagerbygningar, med unntak for maskinringar, kan ikkje få tilskot.»

«Tilskot frå næringsfondet kan berre gjevast til føretak/bedrifter med forretningsadresse og aktiv drift i Vaksdal kommune. Det er ikkje eit vilkår at eigar/innehavar/drivar er folkeregistrert/buset i kommunen»

Når framlegg til retningsliner ligg føre, skal desse leggjast fram for formannskapet og kommunestyret til handsaming og vedtak.

PS 73/24 Val av medlemmer, varamedlemmer og møtefullmektige til forliksrådet for perioden 2025-2028. 2.gangs handsaming

Handsaming i Kommunestyret - 17.09.2024:

Avstemming:

Innstilling:

Felles forslag frå Valutvalet:

Medlem:

Jan Stanghelle

Hanne Gravermoen

Svein Hovlandsdal

Varamedlem.

1 Tone Mjellelid Dale

2 Kari Brørvik

3 Kai Ove Grenasberg

Møtefullmektig:

Rune Berntzen

Jahn Olav Nordheim

Ove Magne Straume

Som leiar vert vald:

Jan Stanghelle

For forslaget stemte 21: Britt Brudvik (AP), Lisa Natalie Johnsen Lunde (AP), Maren Amanda Hesjedal Thorkildsen (AP), Ole-Anders Brekkhus (AP), Boris Groth (Frp), Trygve Jakobsen (Frp), Amalie Johnsen Lunde (H), Thomas Breivik Hop (H), Trond Olav Magnussen (H), Dan Berge (INP), Morten Farestveit (INP), Tor- Arne Helle (INP), Lars Bjarte Nesheim (KrF), Leif

Inge Eide (R), Arnstein Langhelle (Sp), Hege Eide Vik (Sp), Inger-Helene Nummedal (Sp), Ivar Rødland Bergo (Sp), Evelyn Boge (SV), Kjartan Haugsnes (SV), Mona Grenasberg (SV)
Dermed er innstillinga vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 17.09.2024:

Felles forslag frå Valutvalet:

Medlem:

Jan Stanghelle

Hanne Gravermoen

Svein Hovlandsdal

Varamedlem.

1 Tone Mjellelid Dale

2 Kari Brørvik

3 Kai Ove Grenasberg

Møtefullmektig:

Rune Berntzen

Jahn Olav Nordheim

Ove Magne Straume

Som leiar vert vald:

Jan Stanghelle

PS 74/24 Søknad om fritak frå politisk verv

Handsaming i Kommunestyret - 17.09.2024:

Avstemming:

Innstilling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

William Helle Hestad vert friteke frå sitt politiske verv i kontrollutvalet ut den politiske perioden 2023-2027 gjeldande frå dato for møte i kommunestyre 17.09.2024.

For forslaget stemte 21: Britt Brudvik (AP), Lisa Natalie Johnsen Lunde (AP), Maren Amanda Hesjedal Thorkildsen (AP), Ole-Anders Brekkhus (AP), Boris Groth (Frp), Trygve Jakobsen (Frp), Amalie Johnsen Lunde (H), Thomas Breivik Hop (H), Trond Olav Magnussen (H), Dan Berge (INP), Morten Farestveit (INP), Tor- Arne Helle (INP), Lars Bjarte Nesheim (KrF), Leif Inge Eide (R), Arnstein Langhelle (Sp), Hege Eide Vik (Sp), Inger-Helene Nummedal (Sp), Ivar Rødland Bergo (Sp), Evelyn Boge (SV), Kjartan Haugsnes (SV), Mona Grenasberg (SV)
Dermed er innstillinga vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 17.09.2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

William Helle Hestad vert friteke frå sitt politiske verv i kontrollutvalet ut den politiske perioden 2023-2027 gjeldande frå dato for møte i kommunestyre 17.09.2024.

PS 75/24 Val av nytt medlem i kontrollutvalet etter søknad om fritak frå folkevald

Handsaming i Kommunestyret - 17.09.2024:

Avstemming:

Innstilling:

Valutvalet:

Forslag til nytt medlem i Kontrollutvalet for perioden 2023-2027:

1. Knut Eirik Møster, Vaksdal Arbeidarparti.

For forslaget stemte 21: Britt Brudvik (AP), Lisa Natalie Johnsen Lunde (AP), Maren Amanda Hesjedal Thorkildsen (AP), Ole-Anders Brekkhus (AP), Boris Groth (Frp), Trygve Jakobsen (Frp), Amalie Johnsen Lunde (H), Thomas Breivik Hop (H), Trond Olav Magnussen (H), Dan Berge (INP), Morten Farestveit (INP), Tor- Arne Helle (INP), Lars Bjarte Nesheim (KrF), Leif Inge Eide (R), Arnstein Langhelle (Sp), Hege Eide Vik (Sp), Inger-Helene Nummedal (Sp), Ivar Rødland Bergo (Sp), Evelyn Boge (SV), Kjartan Haugsnes (SV), Mona Grenasberg (SV)
Dermed er innstillinga vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 17.09.2024:

Valutvalet:

Forslag til nytt medlem i Kontrollutvalet for perioden 2023-2027:

1. Knut Eirik Møster, Vaksdal Arbeidarparti.

PS 76/24 Interpellasjon-Søknad ENØK-midler – endring av krav til dokumentasjon

Handsaming i Kommunestyret - 17.09.2024:

Avstemming:

Innstilling:

Raudt sitt forslag til vedtak:

Utlysingsteksten blir utvida med følgjande:

Dersom du ikkje har midlar til eit så stort utlegg på førehand, ver snill å ta kontakt med oss på tlf, så vil me saman finne ei løysing.

For forslaget stemte 5: Dan Berge (INP), Morten Farestveit (INP), Tor- Arne Helle (INP), Lars Bjarte Nesheim (KrF), Leif Inge Eide (R)

Imot forslaget stemte 16: Britt Brudvik (AP), Lisa Natalie Johnsen Lunde (AP), Maren Amanda Hesjedal Thorkildsen (AP), Ole-Anders Brekkhus (AP), Boris Groth (Frp), Trygve Jakobsen (Frp), Amalie Johnsen Lunde (H), Thomas Breivik Hop (H), Trond Olav Magnussen (H), Arnstein Langhelle (Sp), Hege Eide Vik (Sp), Inger-Helene Nummedal (Sp), Ivar Rødland Berge (Sp), Evelyn Boge (SV), Kjartan Haugsnes (SV), Mona Grenasberg (SV)

Dermed er innstillinga ikkje vedtatt.

Vedtak i Kommunestyret - 17.09.2024:

PS 77/24 Interpellasjon- Tannhelsehjelp

Handsaming i Kommunestyret - 17.09.2024:

Leif Inge Eide (R) trakk forslag til vedtak.

PS 78/24 BRØYTING TOSKEDALSVEGEN

Handsaming i Kommunestyret - 17.09.2024:

Kommunedirektøren svarte på spørsmål i saka.

A/B avstemming

1)

Innstilling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner kjøp av traktor og vinterutstyr for brøyting av rode Kallestad – Toskedal inkludert Otterstadneset . Kostnaden vert budsjettjustert og finansiert i samband med Tertial 2-2024.

Dette blei sett opp mot:

2)

Amalie Johnsen Lunde (Høyre) Alternative forslag:

Alternativt forslag til vedtak frå H og Frp:

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren undersøke mogelegheit for å leige inn nødvendig utstyr for brøyting av rode Kallestad – Toskedal inkludert Otterstadneset.
2. Dersom det ikkje er mogeleg å leige nødvendig utstyr godkjenner kommunestyret kjøp av traktor og vinterutstyr for brøyting av rode Kallestad – Toskedal inkludert Otterstadneset. Kostnaden vert budsjettjustert og finansiert i samband med Tertial 2-2024.

For forslag 1 stemte 13: Britt Brudvik (AP), Lisa Natalie Johnsen Lunde (AP), Maren Amanda Hesjedal Thorkildsen (AP), Ole-Anders Brekkhus (AP), Lars Bjarte Nesheim (KrF), Leif Inge Eide (R), Arnstein Langhelle (Sp), Hege Eide Vik (Sp), Inger-Helene Nummedal (Sp), Ivar Rødland Berge (Sp), Evelyn Boge (SV), Kjartan Haugsnes (SV), Mona Grenasberg (SV)

For forslag 2 stemte 8: Boris Groth (Frp), Trygve Jakobsen (Frp), Amalie Johnsen Lunde (H), Thomas Breivik Hop (H), Trond Olav Magnussen (H), Dan Berge (INP), Morten Farestveit (INP), Tor- Arne Helle (INP)

Dermed blei forslag 1 vedtatt.

Avstemming:

Kjartan Haugsnes (Sosialistisk venstreparti) Tilleggsforslag:

Nytt oversendingsforslag frå Sp, Ap, Sv, H, Frp

(Opprinneleg oversendingsforslag frå Sp, Ap, SV vert trekt)

Kommunestyret ber administrasjonen legge fram sak om brøyting i Vaksdal kommune til FPØ innan april 2025.

Saka bør innehalde dette (Ikkje uttømmande)

- Oversikt over brøyteroder
- Eigenregi
- Anbod og når desse gjeld til/frå
- Kostnad ved dei ulike rodene
- Erfaring med eigenregi
- Erfaring med anbod

For forslaget stemte 21: Britt Brudvik (AP), Lisa Natalie Johnsen Lunde (AP), Maren Amanda Hesjedal Thorkildsen (AP), Ole-Anders Brekkhus (AP), Boris Groth (Frp), Trygve Jakobsen (Frp), Amalie Johnsen Lunde (H), Thomas Breivik Hop (H), Trond Olav Magnussen (H), Dan Berge (INP), Morten Farestveit (INP), Tor- Arne Helle (INP), Lars Bjarte Nesheim (KrF), Leif Inge Eide (R), Arnstein Langhelle (Sp), Hege Eide Vik (Sp), Inger-Helene Nummedal (Sp), Ivar Røddland Bergo (Sp), Evelyn Boge (SV), Kjartan Haugsnes (SV), Mona Grenasberg (SV)
Dermed er tilleggforslag vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 17.09.2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner kjøp av traktor og vinterutstyr for brøyting av rode Kallestad – Toskedal inkludert Otterstadneset . Kostnaden vert budsjettjustert og finansiert i samband med Tertial 2-2024.

Nytt oversendingsforslag frå Sp, Ap, Sv, H, Frp

(Opprinneleg oversendingsforslag frå Sp, Ap, SV vert trekt)

Kommunestyret ber administrasjonen legge fram sak om brøyting i Vaksdal kommune til FPØ innan april 2025.

Saka bør innehalde dette (Ikkje uttømmande)

- Oversikt over brøyteroder
- Eigenregi
- Anbod og når desse gjeld til/frå
- Kostnad ved dei ulike rodene
- Erfaring med eigenregi
- Erfaring med anbod

Orienteringar:

Orientering ved Borghild Lekven frå BIR.

Orientering ved BOF.

Orientering ved Bjørn Inge Aarsand frå politiet.

Fast orientering frå ordførar:

I august deltok ordførar på synfaring i Bergsdalen saman med Aksjonsgruppa for betre veg.

9.september: Inviterte fylkesordførar Stian Davies til møte og fylkesvegar i Vaksdal og synfaring frå Dale til Rødland. 27.september er det planlagt eit møte med administrasjonen i Vestland fylkeskommune.

28-30.august: Møte på Røros med Landsamanslutninga av vasskraftkommunar.

6.september: Møte i hovudstyret for Kulturskulerådet.

11.September: Beskjed frå regjeringa om at ny veg og bana Arna-Stanghelle får oppstart neste år.

16.september: Ordførar vart kontakta av Vaksdalsposten vedrørande utydelege sitat om bompengainnkrevjing, oppstart av innkrevjing vert når vegen opnar.

13.september: Regionråd i Regionråd i Nordhordaland.

-Det er opna for treff for barneforeldre i permisjon i Eldrestova på Vaksdal, tilbodet er gratis.

-Ordførar opna Kulturfestivalen i indre vestland laurdag 31.augusti lokale til Dale of Norway.

-Ordførar vart invitert til Ljosheim på Flatekval.

-Ordførar vart invitert av Eidsland grendalag til kulturkveld i grendahuset.

Fast orientering frå kommunedirektør:

Kommunane i IKTNH-samarbeidet held på med ferdigstilling av nye nettsider som vil lanserast i slutten av oktober.

Munnlege spørsmål:

Leif Inge Eide (R)

-Er møte med dei eldre, ungdomane og kommunen vedrørande uteområde ved eldrestova og ungdomsskulen avholdt.

Ordførar svarte.

Kjartan Haugsnes (SV)

-Funksjonar som må på plass på ny heimeside.

-Krav om universell utforming på heimeside.

Kommunedirektør og ordfører svarte.

Mona Grenasberg (SV):

-Eldrerådet ønskjer ein oppfølging av Leve heile livet reforma.

Kommunedirektøren svarte.

Boris Groth (FRP):

-Flytting frå Daletunet til Vaksdal.

-Teksting på livestreaming.

Ordfører svarte. Ordfører ber administrasjonen om ein orientering om status for prosessen med flytting frå Daletunet til Vaksdal omsorgsbygg.

Trond Olav Magnussen (H):

-Hets av tilsette.

Kommunedirektøren og ordfører svarte.

Tor-Arne Helle (INP):

-Oppdatering på reguleringsplanar og utvikling av kommunen.

Ordfører svarte.

Skriftlege spørsmål:

Spørsmål frå Britt Brudvik (AP):

Kommunestyret vedtok i sak 61/24:

«Kommunestyret ber om at det vert gjort naudsynte strakstiltak innanfor budsjettløyving fram til arbeidsgruppa for Jepsahuset har gjort si tilråding.»

Kvar står saka no?

Svar frå kommunalsjef Åse Elin Myking:

Kommunen har hatt fleire førespurnader ute utan respons, dei som har svart har sett på oppdraget som for risikofullt både fagmessig og tryggingmessig. For kort tid sidan melde ein ny aktør interesse til oss for oppdraget. No vert det utarbeida ein plan for sikkerheit, helse og arbeidsmiljø i samsvar med kravet som ligg på kommunen som byggherre. Om planlagt arbeid er innafør lovmessige krav så vert oppdraget med å erstatte ødelagte skiferheller utført om kort tid.

Øvrig reparasjon/tetningsarbeid kan ikkje utførast og det gis ingen garanti mot lekkasjer.

Spørsmål frå Amalie Johnsen Lunde (H):

Brøyting Toskedalsvegen

- Hva var forutsetningene i anbudet, eksempelvis antall år? Kan du sende over kunngjøringen?
- Hvor mange er spurt direkte?
- Har dere fått tilbakemelding om hvorfor det ikke er aktører som ønsker anbudet? Er det prisen? Er det andre ting?

Svar frå kommunalsjef Åse Elin Myking:

- Open utlysning 6.juni 2024 i VP og Avisa Hordaland – 2 brøyteroder for komande to sesongar. Deretter inngå i samla utlysning av alle brøyteroder. Kommunen har også sendt anbudet til alle som har brøytekontrakt. Andre som me kjenner til har traktor/utstyr er førespurt direkte.
- Kommunen har fått inn tilbod på brøyterode Stamnes m.v. og avtale er inngått der for komande to sesongar
- I anbudet er det bedt om fastpris for beredskap og diverse timepriser for brøyting, fresing, strøing.
- Tilbakemeldingane me har fått går på at vegen er krevjande å brøyte, det trengs spesialutstyr og vegen er lang med varierende snø/is forhold.

Spørsmål frå Boris Groth (FRP):

Vedlagt under er spørsmål og svar til Frode Nygård(FrP) til utval for Samferdsle og mobilitet i Vestland Fylkeskommune(VLFK) om dialog og fortgang i arbeidet med å sikre betre vedlikehald og standard på FV5400 Bergsdalsvegen.

Som kjent er vedlikehaldssituasjonen på fylkesveg 5400 den seinare tida blitt raskt og drastisk verre med stadig fleire vegparti med prekært vedlikehaldsbehov. Dette kjem i tillegg til nyleg og tidlegare rasskader og rasproblematikk.

Slik Vaksdal FrP oppfattar svaret frå VLFK, så er representantar for VLFK klar til å gå i dialog om vegen og vedlikehaldsutfordringane, og det er også viktig med snarlege innspel i saka so ein kan sikre at saka vert prioritert i budsjettprosessen i haust!

Spørsmål:

Vil ordførar ta initiativ til eit snarleg dialogmøte for å sikre ein god dialog og prosess med VLFK vidare om saka, for å forhåpentlegvis sikre midlar til vedlikehald og oppgradering av fv 5400 Bergsdalsvegen i 2025?

Mvh. Boris Groth, Vaksdal FrP Vedlegg:

Spørsmål til VLFK utval for Samferdsle og mobilitet frå Vestland FrPs representant Frode Nygård:

Fylkesveg 5400 Bergsdalsvegen.

Vegen gjennom Bergsdalen og over Hamlagrø er ein viktig veg for fastbuande og for tilkomst til Hamlagrø som og er eit viktig rekreasjonsområde med mange fritidsbustader. Att veggen og fungerer som omkøyringsveg for E 16 gjer at det ut i frå ein heilhet er viktig å halda ein akseptabel standard.

Vegen er rasutsett, har over store strekk dårleg fundament og dekke. Ei aksjonsgruppe har no engasjert seg for å få i gang sikring og utbetring av veggen.

Det er og engasjement frå kommunen då veggen er skuleveg og viktig for framtidig utvikling og busetnad i Bergsdalen.

Spørsmål: Vil Vestland fylkeskommune gå i dialog med aksjonsgruppa/Vaksdal kommune for å få på plass ein plan som vil gje ei oversikt på kva som må gjerast med veggen og setja opp ei prioritering på kva ein skal starta med fyrst ?

Ein slik plan vil vera eit godt utgangspunkt for systematisk arbeid med ein veg som har eit stort behov for vedlikehald og sikring, og skapa eit lokalt engasjement og håp om at noko noko skjer med veggen. Med helsing

Frode Nygård

Vestland FrP.

Svar frå VLFK 26.08.2024:



INV - Vegforvaltning Vestland
Notat

Saksnr: 2022/629-395
Saksbehandlar Katrine Helle Riber
Dato: 26.08.2024

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Avdelingsdirektøren for infrastruktur og veg

Svar på spørsmål frå Nygård (Frp) - fylkesveg 5400 Bergsdalen

Representant Frode Nygård (Frp) har stilt spørsmålet:

Vil Vestland fylkeskommune gå i dialog med aksjonsgruppa/Vaksdal kommune for å få på plass ein plan som vil gje ei oversikt på kva som må gjerast med veggen og setja opp ei prioritering på kva ein skal starta med fyrst ?

Svar:

Vestland fylkeskommune er positive til ein slik dialog. Administrasjonen har blitt førespegla eit dialogmøte saman med aksjonsgruppa/Vaksdal kommune. Me kjem til å stille med representantar på eit slikt møte for å få eit godt samarbeid og ein god dialog i saka.

Me er kjende med at vegstrekninga har eit stort behov for vedlikehald og sikringsarbeid. Me har mange registrerte behov langs strekninga, og arbeider med prioriteringar inn mot budsjettprosessane.

Svar frå ordførar Hege Eide Vik (SP):

Bergsdalsvegen

I dialog med aksjonsgruppa sendte eg ein henvendelse til Vestland fylkeskommune om møte med administrasjonen i høve Bergsdalsvegen. Eg fekk raskt kontakt, og møtet er planlagt 27. september. Kommunedirektøren, eg og eit medlem av aksjonsgruppa deltar på møtet.

Eg inviterte fylkesvaraordførar Stian Davies (Ap) til møte om fylkesvegar i Vaksdal og synfaring på veggen i Bergsdalen 9. september.

Kontaktpunkt med Vestland fylkeskommune både politisk og administrativt er med dette oppretta.